
Fra: Bente Kopperdal Hervik
Sendt: 28. desember 2015 15:22
Til: 'jmgabrielli@gmail.com'; 'korne-ma@online.no'
Emne: Spelemiddelsøknaden

Hei,

Viser til søknad om spelemidler. Følgjande må endrast for at søknaden skal kunna godkjennast:

1. Det er utarbeidd eit eige skjema for kostnadsoverslag som må nyttast. Skjemaet finn de lenke til på denne sida: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/idrettsanlegg/soknadsskjema/id488603/>
2. I følgje rettleiaren skal kostnadsoverslaget vert så detaljert at dei arbeida som skal utførast som dugnad, kan spesifiserast. På s. 16 i rettleiaren står det at «*Dugnadsarbeid skal setjast opp i eit eige dugnadsoversyn som er utarbeidd med utgangspunkt i dei arbeida som etter kostnadsoverslaget skal utførast på dugnad. Verdien av dugnadsarbeidet skal reknast ut av ein kvalifisert fagperson (til dømes kostnadsvurdering/tilbod frå kommune eller firma [entreprenør, handverkar e.l.]). Ein skal ikkje ta med meirverdiavgift på dugnad. Sjå pkt. 5.6.*»

Det greiaste er om entreprenør i sitt tilbod skriv om lag kor mykje (sum) som av dette kan gjerast på dugnad.

3. Det ser ut til at tilbodet frå Nordbohus Villanger manglar.
4. Laust utstyr som kontorstolar, arkivskap m.m. har ikkje rett til tilskot. Dette må førast opp i excel-skjemaet under kostnader som ikkje gjev rett til tilskot. Godkjend kostnad vert då noko lågare.
5. Eigenkapital skal i følgje rettleiaren stadfestast med kontoutskrift frå bank e.l. som viser at summen er bunden til bygginga av anlegget.

Godkjend kommunalt vedtak skal me ordna.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål.

Mvh
Bente Kopperdal Hervik
Rådgjevar kultur
Radøy kommune
Tlf. 56 34 90 12